

SKILTING AV TURSTI TIL TVEITÅSEN OG SKÅLFJELL I NISSEDAL



Skilt utanfor Gjestgiveriet. Odd Valle og Olav Jakob Tveit. Foto: Olav Jakob Tveit

Olav Jakob Tveit, Odd Valle og Knut Låtveit har rydda og merka den gamle stien til Tveitåsen og Skålfjell. Stien har ligge der i årevis. No er den merka på nytt, slik at det er enkelt å gå den frå Treungen sentrum.

Om du har lyst til å gå ein runde, kan du gå om den gamle kyrkjevegen på Tveit. Når du er på Skålfjell, gå 1 km vidare så kjem du inn på den gamle kyrkjevegen.

Ein nydeleg utsiktstur midt i Treungen sentrum, på mjuk skogbotn heile vegen.

"Ein fantastisk fin utsiktstur som du enkelt kan gå frå Treungen sentrum", seier Olav Jakob

Tusen takk for ein strålande jobb med rydding og merking, Olav Jakob Tveit, Odd Valle og Knut Låtveit.

Foto Olav Jakob Tveit

Tekst frå Nissedal kommune



Vi har rydda mange utsiktsplassar som ligg rett ved sidan av stien Foto: Olav Jakob Tveit



Mange gamle vindfall blei opna opp. Den siste delen av stien går på ein gamal kyrkjeveg som er litt tilgrodd. Foto: Olav Jakob Tveit



Stien går på ein kant og har flott utsikt i alle retningar. Dette er eit godt prosjekt, sentrumsnært og spektakulært. Foto: Olav Jakob Tveit



Stien har fantastisk utsikt nordover Nisser og går på mjuk skogbotn. Foto: Olav Jakob Tveit



Vi ser mot Tveitsund bru og Skuggenatten. Foto: Olav Jakob Tveit



Skilt som er laga av ATL Grafisk. Foto: Olav Jakob Tveit

Skrevet 6. juli 2023

Del artikkelen:

